

MØTEBOK

| | |
|-----------------|--------------------------------|
| Organ | Vestlandsrådet |
| Møtestad | Quality Hotel Alexandra, Molde |
| Møtedato | 22.10.2010 |
| Kl. | 09.00 – 11.50 |

Faste medlemmer til stades:

Olav Bratland (H Møre og Romsdal)
Jon Aasen (Ap Møre og Romsdal)

Janne Johnsen (H Rogaland)
Ola Ingvaldstad (Frp Rogaland)
Tom Tvedt (Ap Rogaland)

Tom-Christer Nilsen (H Hordaland)
Mette Holmefjord Olsen (SV Hordaland)

Nils R. Sandal (Sp Sogn og Fjordane)
Åshild Kjelsnes (Ap Sogn og Fjordane)
Mathias Råheim (H Sogn og Fjordane)
Heidi-Kathrin Osland (SV Sogn og Fjordane)

Forfall til møtet:

Frank Sve (Frp Møre og Romsdal)
Gunn Berit Gjerde (V Møre og Romsdal)
Svein Atle Roseth (KrF Møre og Romsdal)
Ellen Solheim (KrF Rogaland)
Jarle Braut (V Rogaland)
Torill Selsvold Nyborg (KrF Hordaland)
Gisle Handeland (Ap Hordaland)
Terje Søviknes (Frp Hordaland)
Elin Merete Førde (Frp Sogn og Fjordane)

Varamedlemmer til stades:

Randi Walderhaug Frisvoll (KrF Møre og Romsdal)
Jan Magne Dale, (SV Møre og Romsdal)
Jorill Christensen (Ap Hordaland)
Solveig Ege Tengesdal (KrF Rogaland)
Gro Skartveit (V Rogaland)

Til stades med tale-/framleggsrett:

Fylkesrådmann Ottar Brage Guttelvik, Møre og

Romsdal
Fylkesrådmann Trond Nerdal, Rogaland
Fylkesrådmann Jan Øhlckers, Sogn og Fjordane
Fylkesrådmann Paul M. Nilsen, Hordaland

Andre til stades:

Sekretariat for møtet:

Sekretariatsleiar Trond Ueland

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Møtebok frå 11.06.10 vart godkjend utan merknader.

OPEN TIME:

Representanten Nils R. Sandal, Sp Sogn og Fjordane og Tom-Christer Nilsen, H Hordaland, tok opp spørsmålet omkring etablering av incentivordning i samband med utanlandsk filmproduksjon i Noreg, jmf notat utdelt i møtet. Vestlandsrådet ved AU vart bedne om å skrive eit brev til stortingskomiteen der ein ber om at ein ikkje avsluttar arbeidet med å greie ut denne ordninga, men arbeider vidare med denne også i 2011. Brevet skal femne heile vestlandsregionen. .

Representanten Jan Magne Dale, SV Møre og Romsdal , orienterte om nye nettenester i regi av Landssamanslutningar av Nynorskommunar, m.a. "startside.no" og "framtida.no" og oppmodar om ein nyttar desse tenestene.

Representanten Tom Tvedt, Ap Rogaland orienterte om høyringsuttale frå Norsk Gassforum om bruk av norsk gass i Norge. Utkastet til høyring byggjer m.a. på tidlegare uttale frå Vestlandsrådet om petroleumsmeldinga.

SAK 16/10

Transportplan for Vestlandet - Handlingsprogram 2011-2023

VEDTAK:

1. Vestlandsrådet vedtek oppstart av Handlingsprogrammet for Transport på Vestlandet 2011-2023. Endeleg framlegg til Handlingsprogram skal leggest fram for endeleg handsaming i Vestlandsrådet i løpet av våren 2011. I tillegg vil Vestlandsrådet ha ei orientering om status på arbeidet i neste møte 13 januar 2011.
2. Vestlandsrådet meiner det nye handlingsprogrammet må ha særleg høg fokus på E39 Kyststamvegen. I tillegg må vedlikehald av vegkapitalen, rassikring, Stad skipstunnel og finansiering av samferdsletiltak vere sentrale tema i programmet.
3. Vestlandsrådet set av kr 150.000 til innleiing av konsulenthjelp i samband med nytt handlingsprogram.
4. Vestlandsrådet meiner samstundes at den politiske merksemda omkring samferdslepolitiske utfordringar på Vestlandet må aukast og nemner derfor opp ei eiga politisk gruppe i rådet som skal arbeide vidare med dette. Følgjande medlemmer vert nemnt opp som deltakarar i gruppa:

Fylkesordførar Tom Tvedt, AP, Rogaland fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet

Fylkesordførar Torill Selsvold Nyborg, KrF, Hordaland fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet

Fylkesordførar Nils. R. Sandal, Sp, Sogn og Fjordane fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet

Fylkesordførar Olav Bratland, H, Møre og Romsdal fylkeskommune og medlem i Vestlandsrådet

Varamedlemer: Fylkesvaraordførarane

SAK 17/10

Program for Kinasatsing

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet vil utarbeide ein samla Kina satsing i tett samarbeid med dei fire fylkeskommunane. Eit framlegg til program vert lagt fram våren 2011

2. Vestlandsrådet løyver kr 100.000 til etablering av eige kontor hos Norwegian Business Incubator og Nordic Industrial Park i Ningbo med ein opsjon på ytterlegare to år ved positiv evaluering. Kontoret, som Vestlandsrådet vil ha ansvaret for, vil rette seg mot verksemdar på Vestlandet som ønskjer å bli betre kjende med tilhøva i Kina og få hjelp til å etablere eiga verksemd her. Leige av kontoret vil vere gratis for verksemdene. Intensjonen er å få til ein langsiktig avtale om leige av kontor i nært samarbeid mellom regionale norske aktørar.
3. I tillegg vil Vestlandsrådet i samarbeid med fylkeskommunane vurdere etablering av eit utvekslingsprogram for lærlingar innan maritim industri i samarbeid med Yuexin Shipbuilding Company Limited i Guangzhou.
4. Vestlandsrådet vil òg arbeide for at det vert etablert eit eige Innovasjon Noreg kontor i Guangzhou

Endringsframlegg:

Representanten Tom- Christer Nilsen, Hordaland sette fram slikt framlegg til eit nytt pkt 1:

Vestlandsrådet tar saksframstillinga til orientering. Det vert nemt opp ei administrativ arbeidsgruppe som får i oppgåve å fremje eit utkast til Kinastrategi for neste møte i Vestlandsrådet. Strategien må bygge på dei eksisterende samarbeidsstrukturar som er etablert mellom Kina og vestlandsregionen, og støtte opp om dei kulturelle forbindelsane som allereide eksisterer. Samtidig må den peike på nye, strategisk viktige områder som kan vere av interesse for Vestlandsrådet å etablere prosjekt eller samarbeid på.

Representanten Tom Tvedt, Ap Rogaland sette fram slikt framlegg til eit nytt pkt 2:

Nytt pkt 2:

Vestlandsrådet er positiv til at administrasjonen jobbar vidare med ei mogleg etablering i Ningbo eller andre miljø. Administrasjonen må òg sjekke ut andre verkemidlar (t.d. Innovasjon Norge) og i forhold til relevante næringar og partnerar (t.d. NHO og LO).

Avrøysting:

Framlegg frå representanten Tom- Christer Nilsen, Hordaland til eit nytt pkt 1 vart samsøystes vedteke.

Framlegg frå representanten Tom Tvedt, Ap Rogaland til eit nytt pkt 2 vart samrøystes vedteke. Fylkesrådmannen si tilråding i pkt 3 (m/justeringar) og pkt 4 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet tar saksframstillinga til orientering. Det vert nemt opp ei administrativ arbeidsgruppe som får i oppgåve å fremje eit utkast til Kinastrategi for neste møte i Vestlandsrådet. Strategien må bygge på dei eksisterende samarbeidsstrukturar som er etablert mellom Kina og vestlandsregionen, og støtte opp om dei kulturelle forbindelsane som allereide eksisterer. Samtidig må den peike på nye, strategisk viktige områder som kan vere av interesse for Vestlandsrådet å etablere prosjekt eller samarbeid på.
2. Vestlandsrådet er positiv til at administrasjonen jobbar vidare med ei mogleg etablering i Ningbo eller andre miljø. Administrasjonen må òg sjekke ut andre verkemidlar (t.d. Innovasjon Norge) og i forhold til relevante næringar og partnerar (t.d. NHO og LO).
3. Vestlandsrådet i samarbeid med fylkeskommunane vil vurdere etablering av eit utvekslingsprogram for lærlingar/elear.

4. Vestlandsrådet vil òg arbeide for at det vert etablert eit eige Innovasjon Noreg kontor i Guangzhou

SAK 18/10

Kulturstrategi på Vestlandet

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

1. Vestlandsrådet vedtek å starte arbeidet med ein tre årleg kulturstrategi for Vestlandet.
2. Framlegg til endeleg kulturstrategi vert lagt fram i møte i Vestlandsrådet våren 2011.

VEDTAK:

Saka vert utsatt.

SAK 19/10

Kartlegging marine og maritime næringar

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet løyver kr 70.000 til oppdatering av database for marin og maritim verdiskaping slik at informasjonen her er i tråd med dei siste registrerte talmateriale (2009-tal).

Endringsframlegg:

Representanten Jon Åsen, Ap Møre og Romsdal sette fram slikt framlegg til eit pkt 2: Databasen for Marine og maritim verdiskaping vert oppdatert annakvart år. Finansiering vert å ta i samband med oppdateringa.

Avrøysting:

Tilrådinga frå fylkesrådmannen og framlegg frå representanten Jon Åsen(Ap Møre og Romsdal) til eit pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Vestlandsrådet løyver kr 70.000 til oppdatering av database for marin og maritim verdiskaping slik at informasjonen her er i tråd med dei siste registrerte talmateriale (2009-tal).
2. Databasen for Marine og maritim verdiskaping vert oppdatert annakvart år. Finansiering vert å ta i samband med oppdateringa.

SAK 20/10

Skriv og meldingar

1. Søknad om økt tilskudd til internasjonal markedsføring av Fjord Norge regionen: Prosjekt "Explore Fjord Norway". Fylkesrådmennene går saman om å rapportere tilbake til Vestlandsrådet.
2. Fråsegn frå Vestlandsrådet om Stad skipstunnel, svarbrev
3. Om finansiering av fagskuletilbodet, svarbrev
4. Brev frå Tusenårsstaden Gulatinget
5. Kystskogbruket – søknad til orientering
6. Artikkel i Vestlandsrådet i Stat og Styring nr. 2/2010
7. Etablering av incentivordningen står for fall, notat frå Vestnorsk Filmsenter
8. Meir bruk av norsk gass i Norge, uttale frå Norsk Gassforum til utarbeiding av petroleumsmeldinga

Orienteringar:

9. Møteplan 2011 – administrasjonen utarbeider møteplan for Vestlandsrådet og AU for handsaming i neste møte 13. januar.